

Stem RV på måndag!



Passande medisin eller kraftig overdose?

Kommunebudsjettet for 2007 innebar m.a. dette:

Kuttlista i Høyanger	
Eining	Stillingskutt i årsverk
Helse og sosial:	
administrasjonen	0,6
helsestasjonen	0,6
legekontor	0
fys.medisinsk avd.	0,3
dagsenter	1
sos.teneste/barnevern	1
helsejukepleie	0
helsehjelp	1,2
PU – psykisk utvikl.h.	0,8
eldresenter	0,7
psykiatri	1
Kyrkjebø sjukeheim	1,6
Høyanger sjukeheim	2
sentralkjøkken	0,2
til saman:	ca11
Diverse:	
sentraladministrasjon	2,5
bygg og eiendom	4
utestasjon inkl feiar	2
fagavdeling	0,6
til saman	9
Oppvekst:	
kulturskolen	0,6
bibliotek hovudkontor	0,6
bibliotek filialar	0,2
vaksenopplæringa	0,6
barnehagar	1,3
pedagogisk rådgjevar	0,6
lærarar, Høyanger skule	3,6
lærarar, fordelt på alle	1
assistentar	2
til saman	ca10
Totalt	ca30
* Kwart årsverk er rekna til eit snitt på 400 000 i utgifter.	

(Frå Firda 20.12.06)

Er det slik vi vil ha det? Er det slike tiltak som får folk til flytte til Høyanger i staden for å pendle hit? Les RV sitt svar>

Nedskjeringsbudsjett – verre enn vond sirkel

RV meiner at nedskjeringane ikkje berre hindrar tilflytting, men aukar fråflyttinga. Høyanger AP vedtok, med sitt reine fleirtal, budsjettet åleine. Partiet beklagar nedskjering, men skuldar på at redusert folketal fører til mindre pengar frå staten. Det siste er eit sørgjeleg faktum, men nedskjeringsvedtak inneber såleis ikkje berre ein vond sirkel, men ein spiral nedover!

RV skal her berre nemne to kommunalpolitiske saker som vi har fokusert mykje på i denne valkampen:

Gjenopprett lærarstillingane!

Nedskjeringane fører til at det ved skulestart no i haust er 8 – åtte – færre lærarårsverk enn ved førre skuleår. Oppvekstsjef Hjelmeland skreiv om budsjettet for Høyanger skule at: *“Slik dramatisk endring [...] er ikkje fagleg, pedagogisk eller sosialpedagogisk heldig”*.

Av i alt 36 kontaktlærarar har 28 (78 %) ansvaret for fleire elevar enn dei etter den raudgrøne regjeringa sitt Soria Moria-løfte skulle ha (15 elevar pr. kontaktlærar)

Ikkje berre dei svakaste elevane blir ramma av dette. Det inneber også eit stort tilbakesteg for elevar i “gråsona” – dei som ikkje har store nok problem til at dei har krav på ekstraressurs.

Bort med ufrivillig deltid!

Kvaliteten på eldreomsorga er avhengig av mange nok tilsette. Nok tilsette er vilkår for godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.

Omsorgsektoren har problem både med å halde på sine tilsette og skaffe nye. Årsakene ligg i tilsetjingskontraktar, arbeidstidsavtalar og løn!

Løna (les: underbetalinga) blir foreslått frå sentrale lønsforhandlingar, men kommunestyret skal seie ja eller nei til forslaget. RV har hittil vore åleine om å seie nei.

Problemet er at mange omsorgstilsette går på låge stillingsprosentar og/eller på kortvarige arbeidsavtalar. Dersom kontraktstilsette med låge stillings-% får seg betre betalt heiltids-jobb, sluttar dei.

Mini-stillingane blir ofte teke i bruk for å få turnusen til å gå opp. Men kvifor går skiftplanane i industrien opp utan slikt? Og kvifor er det 35,5 timars veke i omsorg og 33,6 timars veke i industri? Har det noko med kvinne- og mannsyrke å gjere?

RV sine krav i kommunen er: 1) Kartlegg i sep. (om det ikkje alt er gjort) og 2) Gjer endringar og vedta eit betre budsjett for 2008!

Likestilte arbeidsplassar

RV vil at arbeidsplassane i industrien, jordbruket, tenesteytinga og offentleg sektor skal verdsetjast like høgt. Materieell verdiskaping er likevel grunnlaget for også anna og mjukare verksemd.

Bygg hall B! Pisk Hydro med gulrot!

Lokalavisene kunne i aug. melde at ei ny bedrift, Carbontech, skal etablere seg på "C-tomta".

Om dette er rett, vil RV gå mot det fordi vi meiner denne tomta er einaste aktuelle plasseringa av hall B. Hall B vil kome dersom den raudgrøne regjeringa ein liten augneblink legg bort EU-/marknadstrua, tek statleg styring av Hydro og lagar nye statlege kraftkontraktar.

RV registrerer med glede at no går også Høyanger AP sitt program inn for utviding av aluminiumproduksjonen. Tidlegare har alt arbeid frå AP gått ut på skaffe andre arbeidsplassar enn ny hall. Det har i alle fall sett slik ut. Og sidan AP, i følgje partiet sjølv, ikkje driv med hemmelegald, så er det vel slik.

RV oppmodar Høyanger AP: Hald andre bedrifter borte frå C-hallstomta og gå tydeleg inn for hall B. Har dei sagt A, så får dei seie B!

Framleis offentleg eigarskap av Fundo!

Kommunen eig 53 % av Fundo. Oppretthalding av Fundo er ikkje god bedriftsøkonomi i dag, men sikrar lokalsamfunnet og er god samfunnsøkonomi. Difor har RV slutta opp om kommunalt eigarskap og gått inn for den kommunale støtta som er nødvendig. Fundo må investere for å leve vidare. Kommunen har i dag ikkje økonomi til å yte sin del. Skal kommunen utifrå dette selje sin eigardel til private?

Eit amerikansk privat-/familiefirma, Superior; "luktar" på Fundo. RV fryktar Superior vil slakte Fundo og flytte produksjonen dit løner og andre kostnader er låge nok til meir passande profit.

RV meiner at anten må staten overta kommunen sin eigardel i Fundo og bidra til investering **eller** gje kommunen tilstrekkeleg midlar øyremerka til Fundo og slik sikre arbeidsplassane.

Miljøarbeidsplassar?

RV meiner at kommunen bør gå mot utviding av **ERAS** sin produksjon inntil bedrifta har vist langt betre praksis både i arbeidsmiljøet og mot utslepp. RV tek kontakt med Bellona for å få deira vurdering av bedrifta **Avfallsteknikk** sine planar for handtering av lågradioaktivt avfall. "Velsigning" frå Bellona må vere eit vilkår for kommunal støtte til planane.

Kvifor RV?

Vi har gjennom dette flygebladet skrive

- om konsekvensen av kommunen sitt budsjettvedtak for 2007
- kva RV meiner om nedskjeringane i skulane og om ufrivillig deltid
- om dei viktigaste industriarbeidsplassane og om to omstridde prosjekt

Vi er overtydd om at mange av dykk er einige i desse standpunkta og opprørte over det som skjer i kommunen og elles i samfunnet. Like mange stiller seg spørsmålet: Kva kan vi gjere med det?

Mange stemmer RV fordi dei **ønskjer oss som ei vaktbikkje i kommunestyret**. Det er krevjande for ein representant åleine når ein ser kor mange saker som kommunen handterer. Vi ønskjer difor så mange stemmer at både Einar Rysjedal og Geir Bjarte Hjetland kjem inn.

RV ønskjer å vere noko meir enn bikkjer som held vakt. **RV ønskjer makt til å gjennomføre programmet vårt**. Vegen til slik makt går gjennom å hindre at AP har reint fleirtal i kommunestyret.

Betre samarbeid med fagforeiningane

RV skal arbeide meir med å få fagforeiningane aktive. Grasrota sin tale er avgjerande både i kampen for utbygging av hall B, mot kommunale nedskjeringar og for auka økonomiske tilbakeføringar frå staten.

Stopp DNA sitt einevelde!

Også nokre av Høyanger AP sine egne ser at det reine fleirtalet hindrar at nye idear og andre vettige forslag kan slå gjennom. RV ønskjer seg difor at AP blir så pass svekka i valet at partiet må gå med på fleire av RV sine forslag enn dei hittil har gjort.

RV sitt mål er eit samfunn utan klasseskilje

Utviklinga i dag går i motsett retning – klasseskilja blir tydelegare, også med ei regjering som kallar seg raudgrøn. RV arbeider difor for eit sosialistisk samfunn der folkefleirtalet har teke makta frå eliten slik at alle kan få det trygt og godt, og ikkje lenger vere styrte av konjunkturar og budsjettsvingingar.

Om du vil at eit slikt syn på sakene skal kome fram i kommunestyret og vinne fram elles:

Røyst  **- røyst Raudt**

og røyst slik inn både Einar Rysjedal og Geir Bjarte Hjetland!